

Årsmelding frå FAU for skuleåret 2008/2009.

1. Samansetning

I skuleåret 2008/2009 var foreldras arbeidsutval (FAU) ved Flem skule slik:

Årstrinn:	Klassekontakt:	Vara:
1.årstrinn	Ingvild Rogne Davik	Grete Røystrand
2.årstrinn	Andreas Flem	Frode Ravnstad
3.årstrinn	Inger Karin Eidem Flem	Jan Inge Johannessen
4.årstrinn	Bente Solbjørg	Lisbeth Austnes
5.årstrinn	Alice Farstad	Inger Marie Nygård
6.årstrinn	Uwe Kleinhans	Svein Ove Dybvik
7.årstrinn	Geir Kvam	Nils Arne Standal

Klassekontaktene vert valt for 2 år i gongen. Kvart år skal nye klassekontakter for 1., 3., 5. og 7. årstrinn velgjast. Vara vert valt for 1 i gongen.

Rektor er med for å halde seg orientert, orientere om saker og hjelpe med andre praktiske ting.

FAU-leiar Bente Solbjørg
FAU-nestleiar Alice Farstad
FAU-referent ein av SU-medlemmane, som oftast leiar

FAUs 3 representantar i skulens samarbeidsutval (SU) med personlege vara:
Bente Solbjørg med vara Alice Farstad
Ingvild Rogne Davik med vara Inger Karin Eidem Flem
Uwe Kleinhans med vara Geir Kvam

2. Møter

I løpet av skuleåret har det vore:
- 3 FAU-møter, eit i haust- og to i vårsemesteret
- 1foreldrerådsmøte, 10/6-09
- 1dugnad, våren 2009.

3. Saker til behandling

I løpet av året har vi arbeidd med følgjande saker:

3.1 Symjeundervisning

Det har ikkje vore symjeundervisning i år.

FAU- har teke symjeundervisninga opp i SU, med politikarrepresentant frå kommunestyret. Fortsett press på politikarane i kommunen er nødvendig for å få fortsatt symjeundervisning og rehabilitering av symjehallen ved Haramsøy skule.

Det er ei gruppe som jobbar med rehabilitering av symjehallen på Haramsøy. Per Olav Vedeld er med i gruppa frå vår skule.

3.2 Skulejubileum i 2009

Flem skule er 50 år i år. Elevane og lærarane har hatt ein mindre jubileumsfest i vår. Til hausten 2009 skal det vere stor jubileumsfeiring. Dette er under planlegging av ein jubileumskomite.

3.3 Gangveggar

Det er fylkesveg forbi skulen. FAU bør arbeide vidare med trafikksituasjonen og kontakte Statens vegvesen/fylket om dette og be dei gjere det dei kan. (Merke/skilte busslomma, skilting, fartshumpar forbi skulen, ev...?). Dette året var målet å byrje å påvirke.

3.4 Trafikksituasjonen ved og på skuleområdet

FAU og rektor har fleire gonger sendt melding til foreldra om å sette av og hente ungene på parkeringsplassen aust for grendahuset. Dette for å hindre trafikkfarlege situasjonar ved "busslomma" og på fylkesvegen. Vidare må ein ikkje køyre for langt inn på skuleplassen. Resultatet er at foreldra har vorte mykje flinkare til å sette av og hente ungene på parkeringsplassen aust for grendahuset.

3.5 Uteområdet ved skulen

Uteområdet på skulen bør utvidast med disser og leikeapparat. Elevane har laga ønskeliste. FAU har sett på denne og har valgt å gå for kinadisse og sekskantdisse. Dette er nokså dyrt. Vi jobbar med å finansiere dette.

3.6 Brukarundersøking vår 2009

Det har vore elev- og foreldreundersøking våren 2009. Elevane i 5. - 7. årstrinn og alle foreldra skulle delta. Alle elevane deltok, men berre 36 % av foreldra. Konklusjonane på undersøkingane er vedlagt på eige ark.

3.7 Vitjing av Komite for kommunal tenesteyting

Flem skule var ein av skulane som var trekt ut då KKT skulle vurdere kvaliteten på skulen i Haram. FAU-leiar var med og observerte og svarte på ev spørsmål. Resultat kan finnast på heimesida til kommunen.

3.8 Dugnad

I år har det berre vore ein dugnad. Det var tidleg i mai. Då var det rydding og vedlikehald av uteområdet. Det var rektor Tanja som stod for det organisatoriske.

3.9 Skulegenser

Det var ynskje frå elevane og FAU om skulegenser i anledning skulejubileumet. FAU var med på å velje motiv.

3.10 Div. mindre saker, sjå FAU-referat på heimesida for meir info.

3.10.1 50-lapp til juleverkstad.

3.10.2 Julegåve til barn i Ukraina.

3.10.3 Samle alle midlar FAU har på ein konto.

3.10.4 Foreldrekveld.

3.10.5 Evaluering Robolab.

3.10.6 Info om utvida skuledag til neste år.

3.10.7 Innkalling til FAU-møte på heimesida til skulen.

3.10.8 Blad og liknande som FAU får i posten vert etterkvart lagt ut på folkebiblioteket på Longva.

4. Generelle erfaringar

I år har mange årstrinn hatt sosiale aktivitetar utanom skuletid/skulen. Dette har vore stor suksess og elevane har kost seg. Nokre har vore i nærmiljøet og andre har reist. Dei eldste elevane har vore med på blant anna Tine-stafetten i Ålesund.

Vi anbefaler at sosiale samankomstar vert arrangert neste år og. Foreldra bør og vere med, slik at alle vert meir kjent.

Heimesida til Flem skule finn de på: <http://gs.haram.kommune.no/s19/>

Går de inn på FAU sine sider finn de referat frå FAU- og SU-møta, samt oversikt over kven som er klassekontakter og dermed er med i FAU.

I år feirar Flem skule 50 år! Det vert meir feiring til hausten.

Nogva 5.juni 2009

Bente Solbjørg
FAU-leiar